

ORDENSREGLEMENT FOR TVEIT VIDAREGÅANDE SKULE

Ref. § 3- 9 i Privatskulelova

1. Føremål

Tveit Vidaregåande skule skal være ein skule med gode vilkår for læring og utvikling for kvar einskild elev. Skulen skal fremja gode rutiner og god framferd for elevar og tilsette.

2. Elever som har fått plass ved Tveit Vidaregåande skule har rett til å fullføra trinnet, så lenge dei ikkje blir utviste. (jfr § 3-3 i privatskulelova)

3. Elever som bryt ordensreglementet til skulen alvorlig eller fleire gonger, kan utvisast frå skulen i inntil fem (5) dagar. Endeleg avgjerd om utvising blir teken av dagleg leiar ved skulen etter samråd med lærarane. (Ref. Privatskulelova § 3 – 10)

4. Dersom ein elev har så høgt fravær at skulen ikkje mottar elevpengar frå staten for eleven kan skulen kreve at eleven sjølve betalar skulepengene.

5. Før det blir gjort vedtak om utvising, skal det kallast inn til møte der både eleven, læraren og rektor er tilstades. Eleven har rett til å ha foresette med seg på møtet dersom han/ho ynskjer det. Det skal førast protokoll frå møtet. Protokollen skal underskrivast av elev, lærar og rektor.

6. Utvising av elevar

Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skulen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven etter vedtak av heimfylket visast ut for resten av skuleåret.

(I samband med eit vedtak om utvising for resten av skuleåret kan heimfylket også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1).

Tveit, 20. mai 2010



Randi Iren Rettedal

Fung rektor